



Fylkesmannen i Telemark

Miljøvernvedlinga
Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunnar Djuvik, 35 58 61 67

Kontrollrapport

Kontrollrapport nummer:	2014.021.I.FMTE
Saksnummer:	2014/2203
Dato for kontroll:	03.06.2014

Informasjon om kontrollert verksemd

Navn: Vrådal avløpsanlegg	Bedriftsnr.: (samfunnsutvikling og teknisk drift): 974641046 Føretaksnr. (Kviteseid kommune): 964963827
Postadresse: Kviteseidgata 13, 3850 KVITeseID	Tlf/e-post: 35068114 arne.kleivstaul@kviteseid.kommune.no
Besøksadresse: Vråljosveien 44, 3850 KVITeseID	Kommunenr / kommune.: 0829 / Kviteseid
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	Anleggsnr.: 0829.0008.01

Til stades under kontrollen:

Frå verksemda: Torunn Raftevold Rue, kommunalsjef Arne Kleivstaul, avdelingsingeniør Vidar Hansen, driftsoperatør	Frå Fylkesmannen: Elisabeth Hammerli Gunnar Djuvik
---	---

Kontrollomfang:

Kontrollen er ein del av ein landsdekkande avløpsaksjon og er ikkje ein uttømmende kontroll innan tilsynsområdet til Fylkesmannen, men er avgrensa til:

- Overordna planar, løpande drift og risikovurderingar med underpunkt til desse tema
- Oppfølging av desse tema i internkontrollen.

Innhaldet i kontrollrapporten:

Rapporten beskriv merknader og avvik som blei avdekt under kontrollen og som gjeld krav fastsett i:

- Forurensingsforskriften
- Internkontrollforskriften
- Utsleppsløyvet

Resultat frå kontrollen

Fylkesmannen avdekte 2 avvik* under kontrollen. Det er gitt 3 merknader. Sjå nærare omtale i rapporten.

Oppfølging etter kontrollen

Vi syner til fristar for tilbakemelding i oversendingsbrevet til denne rapporten.

Skien 23.06.2013
sted dato

Gunnar Djuvik
Fylkesmannen i Telemark

(etter fullmakt, rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift)

* Avvik og merknad er definert på side 2 i rapporten

Definisjon - avvik:

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga (til dømes brot på krav i forureiningslova og/eller forskrifter heimla i denne, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyvet.)

Definisjon - merknad:

Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ta vare på helse, miljø og sikkerheit, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om kontrollgebyr:

Fylkesmannen kan fastsetje gebyr for arbeid med løyve og kontrollar, jf. forurensningsforskriftens kapittel 39. Nærare informasjon om dette kan ein få via <http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-103.html>. Se vedtak om gebyr i oversendingsbrevet.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt:

Dersom Fylkesmannen ikkje mottar den skriftlege tilbakemeldinga innan den fristen som er fastsett, har vi høve til å fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir fatta med heimel i forureiningslova § 73. Ein eventuell tvangsmulkt kan bli fastsett som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge ei tilbakemelding som godtgjer at avvik kan bli lukka, ikkje er teke imot.

Aktuelt regelverk:

Aktuelle heimlar for avvik som blir avdekt gjennom kontrollen:

- Forskrift om systematisk, helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), av 6. desember 1996 med seinare endringar
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 14: Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser, av 13. mars 1981, med seinare endringar
- Utsleppsløyve for Vrådal rensedistrikt, 22.10.2008.

Sjå lover og forskrifter på heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no eller via www.regelhjelp.no.

Avvik

Det blei funne følgjande avvik under kontrollen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskriften), § 5, andre ledd punkt. 5, 6 og 7.

Grunnlaget for avviket er skildra nedanfor (avviket er ikkje basert på ein fullstendig gjennomgang av internkontrollen).

Grunnlag for avviket:

a) Skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av leidningsnett inkludert pumpestasjonar er ikkje etablert.
Avvik frå: Internkontrollforskrifta §5, 2. ledd, pkt. 7 og utsleppsløyvet pkt.7

b) Skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av overløp er ikkje etablert.

Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 7 og utsleppsløyvet pkt. 7

c) Miljørisikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 6 og generelle vilkår pkt. 4 i utsleppsløyvet

d) Det er ikkje etablert ein skriftleg avvikshandsamingsrutine som omfattar ytre miljø.

Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 7

e) Ansvarstilhøva når det gjeld vurdering av om reinsekraav vert overhalde er uklare.

Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 5

Kommentarar

a) Verksemda opplyser at dei er på pumperunde kvar veke og fører driftsjournal, men har ikkje skriftlege rutinar for dette.

b) Verksemda opplyser at dei ikkje har jamleg ettersyn av overløp på leidningsnettet, og det finst ikkje ei skriftleg rutine for slikt ettersyn. Verksemda opplyser om at det ikkje er fellesleidningar i reinsedistriktet, men at det kjem noko framandvatn inn i anlegget via til dømes takvatn som er kopla til avløpsleidningar.

Verksemda må etablere rutine og journal for ettersyn med nød- og driftsoverløp. Ei vurdering av kor store og vesentlege overløpa er – til dømes med tanke på resipient - bør ligge til grunn for tilsynsfrekvens. Vurderinga kan gjerne vere ein del av ei risikoanalyse for leidningsnettet.

c) Det er gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for avløpsanlegget, men denne er mangelfull. Blant anna er ei stor hending som brann i reinseanlegg eller pumpestasjon ikkje vurdert, og heller ikkje at det kan gå tomt for fellingskemikalie. Det ser og ut til at konsekvens ved ein eventuell hending i nokre tilfelle ikkje er satt høgt nok – til dømes bemanning og straumbrot. Nokre hendingar kan ein med fordel nyansere – til dømes kan ein skilje mellom hendingar som påverkar anlegget over kort tid og over lang tid, og knytt til forskjellige resipientar.

d) Verksemda har eit system for avvikshandsaming i ePhorte kor også avvik knytt til ytre miljø kan rapporterast. Det er uklart kva som skal rapporterast som avvik når det gjeld ytre miljø, og det er ikkje etablert ei skriftleg rutine i internkontrollen for dette. Verksemda må etablere ei rutine som mellom anna skildrar kva som skal rapporterast som avvik.

e) Verksemda har ikkje skildra kven som skal sjå til at reinsekraav vert overhalde. Dette gjeld både fortløpande og samla for året. Det opplysast at det er ingeniøren som har ansvar for dette, men det er ikkje skildra i internkontrollsystemet.

Fylkesmannens forventningar til oppfølging og tilbakemelding frå verksemda

a) *Kopi av etablert skriftleg rutine for drift og vedlikehald av pumpestasjonar sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev.*

b) *Kopi av etablert skriftleg rutine for drift og vedlikehald av overløp på leidningsnett sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev.*

c) *Verksemda må revidere si ROS-analyse på ytre miljø så snart som mogleg. Plan for framdrift av dette arbeidet skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev. Vi tilrår å nytte rapporten «Avløpsanlegg - Risikovurdering for ytre miljø» utgitt av Norsk Vann som rettleiar i dette arbeidet.*

d) *Internkontrollen må skildre kva som skal rapporterast som avvik knytt til ytre miljø. Dokumentasjon skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev.*

e) Verksemda må avklare ansvarstilhøva når det gjeld å sjå til at reinsekrav vert overhalde. Ansvaret må skildrast i internkontrollsystemet. Dokumentasjon skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev.

Avvik 2: Verksemda har ikkje tilfredsstillande kontroll med begrensing av ureining frå avløpsanlegget

Avvik frå: Forurensningsforskriften § 14-5, avløpsnett og utsleppsløyve pkt. 5.3 og 6.3

Grunnlag for avviket:

- a) Vassmengd ved overløp i og ved reinseanlegget vert ikkje registrert . Overløp i og ved reinseanlegget skal inkluderast i berekning av reinsegrad for avløpsanlegget
- b) Verksemda har mangelfull registrering og berekning av driftstid for overløp frå avløpsanlegget.
- c) Driftsovervaking er berre installert ved nokre få pumpestasjonar.
- d) Det er ikkje etablert vaktordning for tekniske installasjonar på avløp

Kommentarar

- a) Det er ikkje etablert vassmengdemåling på overløp i og ved reinseanlegget, berre tidsregistrering. Verksemda opplyser at innløpspumpekom i reinseanlegget enno ikkje har gått i overløp, og at dette berre vil kunne skje pga. teknisk feil, ikkje ved for store vassmengder. Det ligg ikkje føre nokon dokumentasjon som viser at det ikkje er behov for vassmengdemåling på overløp i reinseanlegget.
- b) Det er berre installert tidsregistrering av overløp i tre pumpestasjonar i tillegg til frå innløpspumpekom til reinseanlegget. Dei andre pumpestasjonane har ikkje overløpsregistrering . Det er heller ikkje etablert tidsregistrering på overløpa på avløpsnettet.
- c) Verksemda har tilsyn med dei fleste pumpestasjonane kvar veke, men det er ikkje installert driftsovervaking på alle pumpestasjonar. Ein stasjon kan difor i teorien gå i overløp i ei veke utan at nokon oppdagar det. Verksemda opplyser at det er svært få overløpshendingar frå avløpsanlegget fordi det ikkje finst felleleidningar.
- d) Vaktordning for anlegget er ikkje tilstrekkeleg da det ikkje er etablert ei vaktordning på avløpsanlegget for ubemanna periodar.

Fylkesmannens forventningar til verksemdas oppfølging og tilbakemelding:

-Verksemda må installere vassmengdemåling på overløp frå innløpspumpestasjon og eventuelle andre overløp som skal avlaste reinseanlegget. Alternativt må verksemda dokumentere at innløpspumpekom ikkje går i overløp, eller at overløpsmengda er så liten at det er å rekne som ubetydeleg. Plan for innføring av vassmengdemåling eller dokumentasjon på at dette ikkje er naudsynt skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev.

-Tidsregistrering på overløp skal etablerast ved alle pumpestasjonar. Tidsregistrering skal, i tillegg til pumpestasjonar, også etablerast ved andre vesentlege overløp. Når det gjeld spørsmålet om kva for andre typar overløp som skal ha tidsregistrering, jfr. forurensningsforskriften § 14-5, 4. ledd, må dette bestemast på bakgrunn av ei risikovurdering. Vesentlege kriterium i ei slik vurdering er resipienttilhøve, talet på abonnentar og type påslipp oppstrøms overløpspunkt.

For alle overløp der det ikkje vert etablert tidsregistrering, må det gjerast ei vurdering og berekning av forureiningsbidraget frå kvart enkelt overløp. Grunnlaget kan her m.a. vere oppstrøms abonnenttal og – type, driftserfaringar med dei aktuelle overløpspunkta osb.

- Oversikt over overløp ved alle pumpestasjonar og ved andre vesentlege overløp der det skal etablerast tidsregistrering skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev. Det skal leggest ved ein tilhørande tidsplan for gjennomføring av desse tidsregistreringstiltaka.

- For alle mindre overløp der det ikkje skal etablerast tidsregistrering, skal det leggest ved dokumentasjon som grunngjev at det ikkje er naudsynt med tidsregistrering.

- Verksemda må lage ein plan for installasjon av driftsovervaking på dei resterande pumpestasjonane i reinsedistriktet for Vrådal avløpsanlegg. Det må gjerast ei vurdering, eventuelt som del av ROS-analyse, som resulterer i at dei viktigaste pumpestasjonane vert prioritert. Kopi av tidfesta plan for dette arbeidet skal sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrevet.

- Verksemda må innføre vaktordning utanom ordinær arbeidstid, eventuelt dokumentera gjennom ei risikovurdering om eksisterande ordning er tilfredsstillande. Dokumentasjon på dette skal sendast Fylkesmannen innan frist att i oversendingsbrev.

MERKNADER

Merknad 1: Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar. *Jfr. Forurensningsforskriften §14-10*

Grunnlag for merknaden:

- Kommunen har ikkje undersøkt korleis avløpsanlegget vil bli påverka av framtidige klimaendringar.
- Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnettet ved mogleg auka vassmengder.

Kommentarar:

Det er ikkje dokumentert at det er gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnettet. Kommunane Kviteseid og Nissedal har felles plankontor som er lokalisert i Nissedal, og arealplanar vert utarbeidd og handsama der. Dei tilsette som var til stades ved kontrollen kunne ikkje gjere greie for kva som vert gjort i arbeidet med nye arealplanar. Det er ikkje laga planar for å hindre at overvatn kjem inn i avløpsnettet frå eksisterande busetnad slik dette nettet er utforma i dag. På grunn av at kommunen ikkje har fellesleidningar, og det er små areal med tett overflate som til dømes asfalt, så vil nedbørsendringar ikkje ha så stor innverknad som det har i meir urbane områder. For å vere førebudd på framtidig nedbørsutvikling, må ein likevel undersøke omfanget av auka vassmengder der dette kan vere aktuelt, til dømes i eksisterande bustadområde med tilkopla takvatn, evt. gatesluk i sentrumsområdet og ved hotellet med vidare. Slike vurderingar og tiltak må ein gjere i samheng med saneringsplanarbeidet.

Merknad 2: Det er ikkje satt overordna mål for avløpsanlegget

Jfr. Internkontrollforskrifta §5, 2. ledd pkt.4

Grunnlag for merknaden:

Verksemda har ikkje skildra mål for ytre miljø i internkontrollsystemet for avløpsanlegget.

Kommentarar:

Det er satt nokre mål for avløpsanlegget i saneringsplanen, men internkontrollsystemet er ikkje revidert sidan 1989, og verksemda kunne ikkje vise at dette inneheld mål for avløpsanlegget.

Fylkesmannens forventningar til verksemdas tilbakemelding:

Verksemda må setje mål for avløpsanlegget i sitt internkontrollsystem. Vi rår til at måla vert formulert slik at dei er mogleg å etterprøve.

Merknad 3: Tiltak i saneringsplanen vert ikkje gjennomført i samsvar med vedteken plan for framdrift. Jamfør utsleppsøyvet pkt. 4.2

Grunnlag for merknaden:

Verksemda har ein detaljert saneringsplan for 2011 – 2017 for reinsedistriktet som vart utarbeida og vedteken i 2010, men ingen av tiltaka er gjennomført til no. Det har vore vanskeleg å få midlar til tiltaka trass i at planen er vedteken. Det vert opplyst at saneringsplanen treng ein revisjon både med omsyn til om tiltaka fortsatt er aktuelle og om prioritet på tiltaka skulle vore endra.

Fylkesmannens forventningar til verksemdas tilbakemelding:

Verksemda må snarast revidere den saneringsplanen som ligg føre.

Planer for framdrift av revisjon av saneringsplan må sendast Fylkesmannen innan frist satt i oversendingsbrev. Som eit vedlegg til saneringsplanen må det følgje med oppdatert kart/oversiktsplan over reinsedistriktet, jamfør tidlegare kartmateriale vedlagt brev frå kommunen 01.03.2011.

Fylkesmannen forventar at tiltaka i revidert saneringsplan vert følgt opp som vedteke.